

Vedtekter for Vasslaget Fimland Vassverk

§1 Lag form

Vasslaget Fimland Vassverk, heretter nemnt FV, er eit lag med skiftande medlemstal, skiftande verdiar og avgrensa vågnad. FV er lokalisert i Fimlandsgrend, Naustdal kommune.

§2 Formål

FV har til formål å drive vassverket på frivillig basis, for å skaffe vatn til bustadhus, gardsbruk, fritidsbustad, og anna, om det forsvarleg let seg gjere innanfor verket sin naturlege forsyningssområde.

§3 Medlemskap

Eigarar, leigarar og andre som bur i Fimlandsgrend kan verte medlemer. Medlemene godtek på førehand alle føresegner og alle seinare lovlege endringar og styrevedtak. Berre medlemer med gyldig medlemskap i FV har rett til vatn frå hovudleidningar til FV på dei vilkår som gjeld til ei kvar tid. Årleg kontingen blir fastsett av årsmøte. Medlemmer betaler kr 250 i dugnads forpleiing på år Må justerast kvar 5 år.

§ 4 Innmelding

Innmelding skjer med skriftleg søknad til styret i FV som avgjer medlemskap etter laget sine vedtekter. Nye medlemer må betala innmeldingsavgift som blir fastsett av styret, for tida kr 10000. Avgifta må være betalt før vatnet vert tilkopla.

Eigarskifte: Ved eigarskifte eller overdraging av eigedom eller bueining knyta til FV med gyldig medlemskap har ny eigar rett til å overta medlemskap i FV frå tidlegare eigar utan at det skal betalast ny innmeldingsavgift til laget, sjå § 4 innmelding. Ny eigar trer inn i laget på same vilkår som tidlegare eigar og har dei

same rettar og pliktar som tidlegare eigar hadde overfor laget, her under også å svare for eventuelle ubetalte bøter eller kontingenter til laget, sjå §5 Straffer.

Selgar av eigedom (tidlegare medlem) skal som hovudregel informere FV ved styret om eigarskifte og oversende namn og kontaktinformasjon på ny eigar. Styret skal deretter varsle gamal og ny eigar om at overføring av medlemsskap i laget er gjort og samstundes opplyse om eventuelle uoppgjorte forhold mellom tidlegare eigar og FV, og at ny eigar må svare for desse.

§5 Straffer

Medlem som bryt føresegner av vedtaksparagraf, årsmøte- eller styrevedtak skal første gong få ei åtvaring frå styret. Ved nytt brot kan styret vise den skuldige ut or laget, utan at medlemmet får noko tilbake av innbetalte parts- og fondsmidlar.

Har medlem påført laget skade, manglandene betaling, skal denne yte skadebot etter takst av skilsdoms-nemnda omtala i § 13.

Ved manglande betaling av medlemskontingent, kan FV stengje vassstilførselen på vedkomande medlem sin kostnad. Ved manglande betaling av medlemskontingent skal medlemmet purres etter 14 dagar. Om ikke medlemskontingenen er betalt innan 14 dagar etter purring, sendes varsel om stenging av vatnet, og ekskludering av medlemskap. Stengingsvarsel sendes rekommandert, og det påløper et gebyr på kr 500.

§6 Utmelding

Utmelding skal skje med 3 månaders skriftleg varsel til styret. Alt hopehav med FV må vere oppgjort før utmelinga vert godteken. Manglande betaling fører til utmeling dersom betaling ikkje er mottatt FV. 30 dagar etter purring er

forfallt. Ved utmelding av laget, skal vassforsyninga fysisk fråkopla. Dersom frå kopling ikkje er mulig pga. manglande eller defekte kummer og kraner skal FV innan rimelig tid, få greve ned kum og kraner.

§ 7 Styret

Styret for FV skal vere på 3 medlemer og 2 varapersonar som alle vert valde på årsmøte.

Tenestetida er 2 år. Kvart år går to eller eit styremedlem ut av styret skiftevis, første gong etter loddtrekking etter eit års tenestetid. Val av varapersonar skjer samstundes med val av styre. Tenestetida er 2 år for varapersonar

Årsmøtet vel kvart år formann til styret. Styret vel seg sjølv. Styret vert kalla saman av formannen når han finn det turvande, eller minst 2 styremedlemer krev det for ei eller fleire saker.

Styret er vedtaksført når 3 personar møter. Styret fører møtebok.

Styremedlemer kan seie frå seg attval for like lang tid som kvar har tenestegjort. Det same gjeld for andre tillitsyrke i laget.

§ 8 Styreplikter

Styret skal leie FV i samsvar med vedtekten, irekna:

- 1) Tilsette og avsette mogelege tenestefolk, og fastsette vilkår for desse.*
- 2) Fastsette vilkår for bruk av vatn frå verket.*
- 3) Utarbeide driftsreglar (innkrevjings- og lags reglar).*
- 4) Syte for at dugnad blir planlagt og gjennomført.*
- 5) Syte for at lovleg ettersedd rekneskap vert lagt fram for årsmøtet.*
- 6) Fastsette medlemskontingent for vedtak på årsmøte. For uvanleg store forbruk vert kontingensten fastsett av styret i kvart tilfelle.*
- 7) Styret skal godkjenne nye medlemer.*

§ 9 Lags underskrift

Formannen har underskriftsrett. Styret kan gje prokura.

§ 10 Lagsmøte

Lagsmøte er høgste styresmakt i FV der alle medlemer i FV har møterett. Lagsmøte vert kalla saman av styret, eller når 1/3 av medlemene gjer skriftleg krav om det til styret, for ei eller fleire nemnde saker. Ved røysting har kvart medlem ein røyst. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal, om ikkje anna er fastsett i vedtekten. Det skal førast møtebok på alle lagsmøte.

§ 11 Årsmøte

Årsmøte er eit særskilt lagsmøte som skal haldast før 30. april kvart år, og vert innkalla med 14 dagars varsel ved oppslag og/eller brev til medlemene. Ved omframt årsmøte gjeld same framgangsmåten. Årsmøtet vert opna av formannen som også legg fram saklista.

I saklista for årsmøtet skal desse hovudsakene stå:

- 1) Val av ordstyrar.*
- 2) Årsmelding.*
- 3) Årsrekneskap.*
- 4) Val av styremedlemer med varapersonar.*
- 5) Val av 2 ettersynsmenn med varapersonar.*
- 6) Val av formann.*
- 7) Val av 2 personar til valnemnd.*
- 8) Mogelege innsende framlegg (som er kome styret i hende senest ein uke før årsmøtet).*
- 9) Andre saker som styret set opp.*

På omframt årsmøte vert berre dei saker som er nemnde i innkallinga drøfta.

§ 12 Bruk av overskot

Eit eventuelt overskot kan nyttast på fylgjande vis:
1) Dekning av tidlegare tap.
2) Alt overskot som ikkje går til dekning av tap, settas av i fond til framtidige ekstra utgifter.

§ 13 Twistemål

Alle tvistar mellom FV og medlemene skal avgjerast av ei skilsdomsnemnd på 3 skilsdomarar med bindande verknad for både partar.

Partane vel ein skilsdomar kvar.

Sorenskrivaren i Sunnfjord, eller ein annan som han nemner opp, skal vere oddemann.

Om ein av partane, 4 veker etter motteke varsel, ikkje har nemnt opp skilsdomar, skal sorenskrivaren nemna opp skilsdomar i staden.

Skilsdomsnemnda avgjer samstundes, med bindande verknad, korleis kostnadane med skilsdomen skal berast av partane i twistemålet.

§ 14 Vedtektsendringar

Endring av vedtektena kan berre skje på årsmøte, Eller på omframt årsmøte?

Til slike endringar trengs vanleg fleirtal av dei frammøtte Ofr. § 10).

§ 15 Oppløsing av laget

Framlegg om oppløsing av FV må vere kome til styret innan 1. juli, og vert då teke opp som sak på fyrste etterfylgjande årsmøte.

Til gyldig vedtak om oppløsing trengst at minst halvparten av medlemene møter, og at minst 2/3 av desse røystar for oppløsing.

Møter ikkje mange nok på årsmøtet, vert saka avgjort på eit omframt

årsmøte, og då med vanleg fleirtal av dei frammøtte.

§ 16 Juridisk person

Foreininga er sjølveigande og en frittståande juridisk person med upersonlig og begrenset ansvar for gjeld og dårlig vatten.

§ 17 Avskiping (§17 kan ikkje endrast)

Om det vert vedteke å løyse opp FV, skal det veljast eit avskipingsstyre på 3 medlemer med 3 varapersonar. Desse vel sjølv formann mellom seg. Dette styret skal avskipe laget, det vil seie selje verdiane, krevje inn utesånde tilgodehav, betale skuld osv.

Eventuelle resterande verdiar skal deretter brukast slik:

- 1) Attende betaling av innmeldingsavgift.
- 2) Mogelege restverdiar vert nytta slik som årsmøtet gjer vedtak om.

Revidert den 20.04.2012

§ 18 Tillitsvalte godtgjørelse

Medlemer kan motta rimelig honorar for sitt arbeid samt refusjon for faktiske utgifter, inkludert tapt arbeidsfortjeneste. Utgifter til godtgjørelse og refusjon for faktiske utgifter skal fremgå av budsjett og regnskap. Retningslinjer utarbeides av styret. Leder får en kompensasjon. - pr år i utover fritt vatten Dette fastsettes av styre 1 gang i året.